

Sjamankurs i Bjørkedalen

5-12 juli 2014

Etter 8 år er må vel den store sommarveka i juli i Bjørkedalen snart seiest å vere ein tradisjon og ein institusjon i det norske sjamanistiske miljøet.

I 2014 byr Anne Bjørkedal inn til ei veke der målet er at alle de som deltek skal ha funne tak i dei spesielle evnene som er berre dine, og ha lært å bruke dei. Sjamanisme skil seg frå andre deler av spirituell praksis ved at den fokuserer meir på samfunnet, og mennesket si rolle i samfunnet. Di eiga utvikling og personlege harmonisering er berre det første steget på vegen til å kunne vere til nytte for sirkelen, for andre, og å lære å ta nytte av samfunnet omkring deg.

Vi treng sjamanistisk tenking meir enn nokon gong i vår fragmenterte verd.

Sjamanistisk praksis gjer oss i stand til å finne vår plass, vere i kommunikasjon med oss sjølve og verda og menneske omkring oss, og å kjenne gleden av å vert til nytte ved å kjenne deg sjølv, verte sett og sett pris på, og å dra nytta av andre fordi du ser dei og vi alle kan arbeide utan hierarki.

Veka i Bjørkedalen er ordna etter desse prinsippa, og den gode fellesskapsfølelsen som støtt kjem i gruppene, får vi til kvart år nettopp fordi vi øver inn og praktiserer sjamanistisk tenking og metodar.



Anne Bjørkedal har tjue års er faring med sjamanistisk arbeid, er også healer og kabbalist, ein av dei i Noreg som kan tarot djupast, og vi får derfor tid til å kome innom mange ulike felt innafor esoterikk, sjamanisme, mystikk og kabbalah...ved sidan av sjamanismen og din veg som er overgripande for kurset.

Vi held til i huset åt kursleiaren, og i det tilstøytande huset, tilsaman har vi ti soverom, ein del enkle, fleire doble og eitt med tre senger. Det er også høve til å sove ute i middelalderteltet til ein litt rimelegare pris.

Delt soverom Kr 5400
Enkeltrum Kr 5900
Middelaldertelt Kr 4900

Mat og opphald er inkludert i prisen, det same er kurset, opplevingane, naturen og lærdomen som du sjølv eig og som vil kome til overflata og vere til nytte for deg og andre i lang tid.....



Her er programmet for 2014

Dag 1.

Samling kl 19, og for å få gruppa til å fungere, går vi straks i gang med øvingar på telepati og kraft, slik at desse vert sterkare enn vår personlege agenda.

Det har vist seg at metodane mine er ekstremt sterke, og i år plussar vi på med Sjamanistiske kroppsstillingar Inspirert av arbeidet åt Patricia Goodman.

Trommereise alt første kvelden, og deretter praktiserer vi stillhet heilt til neste dag etter lunsj. Ein flott måte å lese seg sjølv og andre på utan å kunne manipulere eller bli manipulert.

Dag 2

Stille frukost. Vi utfører øvingar og oppgåver i stillhet og på eiga hand fram til lunsj, og vi lager også lunsj saman utan at vi har fått sjanse til å snakke og bli kjende på den måten.

Lunsj. Sakte og forsiktig tek vi talen i bruk.

Kl 15.00: Øvingar i å trene kroppen til å bli eit telepatisk instrument ... eit breidt utval. Mellom anna for å bevege seg på ulike frekvensar, vere i jord, luft, eld og vatn,

Kl 17

Introduksjon til seremoniar, kvifor vi har dei, mytar og nytteverdi. Medisinhjulet, ikkje ein gjenstand, mein ein filosofi som finst i alle kulturar til alle tider. Kropp, univers, drømmekropp og samhandlingar, harmoni og kommunikasjon.

Middag Vi lagar mat ute ved bålet alle dagar når veret tillet det.

Luftseremoni, til vår logiske hjernehalvdel, heidre observatøren og språket og bileta si verd.

Dag3

Eld og vatn. Magikeren sitt univers, kjærleik og kommunikasjon, rensing og intuisjon. Intensivt sjamanistisk arbeide, teknikkar og mystikk. Qabalah, livets tre og tarot,

Lunsj

15.00 Sjamanen si reise, guida meditasjon for å kome i kontakt med hjelparar, spirits, kraftdyr osv. Teori og praksis ved ei lang sjamanreise ved bruk av tromme

19.00 Middag

Eldseremoni.

Dag 4

Jord. Psyke, kjensler, korleis spele på lag med eit sensitivt sinn. Healing, meridianar og trance.

Lunsj

Reise til underverda. Trommer, frekvensar og evna til å styre kvar ein går og reiser. Også astralreise, gå med drømmekroppen ut av kroppen

Middag

Sosialt samvære kring bålet med song og historieforteljing.

Dag 5

Førebuingar til visoin quest. Teori og okkult teori, wicca, sjamanen si rolle i samfunnet.

Lunsj

Vision Quest. Dette er etter kvart både skremmande og fascinerande. Du overnattar åleine oppe i fjella i Laurdalen, utstyrt med minimalt av hjelpemidlar, og berre ditt sinn og kunnskapar. Vi har opplevd å sjå litt av kvart, men alle som gjennomfører og har tillit til metodane, vil få sterke opplevingar.



Målet er din eigen veg, og ikkje alt du skal oppleve, folk ser totalt rusa ut, eller vi opplever felles hypnagoge tilstandar der alt er i rørsle, hører, luktar og ser same tingen, eller vi har ei kald natt ute...uansett ein læreprosess.

Dag 6

Føremiddagen fri til å sove og kome seg...evt meditere eller jobbe i grupper.

Lunsj

Sirkelen og bålet. Sjamanen i samfunnet, sjamanen som arketyp, vegen vidare, din personlege veg. Readingar av kvar enkelt...vegen, tao.

Vi har også ein fest på kvelden, der vi syng, et godt, trommar og har det godt i lag.

Dag 7 oppsummering og heimreise.



Tlf 90701303 healer@annebjorkedal.com



